


Velkommen til SFO



Valldal skule

Årsplan for 2023-2024

Tlf SFO: 418 67 846
Administrasjon: 418 67 847

www.fjord.kommune.no

Valldal skule 21.08.2023

Føreord

Denne planen er ei orientering til foreldre/føresette om mål, innhald og kva for aktivitetar vi har på SFO.

Planen er revidert med utgangspunkt i forskrift for rammeplan for SFO 09.06.21.

[Rammeplan for SFO \(udir.no\)](https://udir.no)

Valldal skule 8. august 2023

Kristin Kjerstad Håseth
-inspektør-

Innhald

Føreord	s. 2
Innhald	s. 3
Orientering om SFO	s. 4-5
Hovudmålsetting og innhald	s. 6-8
Korleis arbeider vi for å nå måla?	s. 9-12
Dagsplan for SFO	s. 12
Litt praktisk informasjon	s. 13
Fritysdagar for 1. og 2. kl	s. 14

Orientering om SFO

På Valldal skule held SFO til saman med småskulen og nyttar felles areal inne og ute. Vi nyttar kjøkken/opphaldsrom, leikerom og grupperom. Elevane nyttar klassegarderobane. Enkelte dagar bruker vi også fellesarealet på småskulen. Vi nyttar småskulen sitt uteområde i den daglege leiken.

OPNINGSTID:

Måndag, onsdag og fredag:

kl. 07.20 til kl. 08.30
og kl. 14.10 til kl. 16.20

Tysdag (oddetalsveker) og torsdag: kl. 07.20 til kl. 16.20

Skuleferiar: kl. 07.20 -16.20
(kan endrast ved varsel til **07.30-16.20**)

MÅLTID:

Frukost:

Dei som ikkje har ete frukost heime får gjere det fram til 08.20. Matpakke.

Lunsj:

Tysdag og torsdag er det lunsj ca. kl. 10.55. Matpakke.

Frukt:

Alle dagar mellom kl. 14.10 og 14.30 har vi litt frukt eller eit lett måltid. Dei som vil kan ta resten av matpakken.

Smørjemåltid:

Etter haustferien og omlag halve skuleåret vil det bli smørjemåltid til lunsj ved SFO (tysdag oddetal og torsdagar).

Frukt og smørjemåltid:

Betaling for mat er ikkje inkludert i SFO-betalinga og kjem i tillegg ein gong pr. halvår.

Kjøp av ekstra timar:

Det er mogleg å kjøpe ekstra dagar/timar utanom fast plass dersom SFO har ledig kapasitet. Dette må avtalast på førehand. Det er ikkje mogleg å byte dagar.

Påmelding og oppseiing:

Påmelding er bindande. Plassen eller endringar kan seiast opp med 1 månads varsel frå 1. og 15. i månaden.

Betalingssatsar:	vår -23
Fast plass	36,-
Ekstra opphald	54,-
I feriane utanom skuletid	286,- pr dag

Søskenmoderasjon på SFO; 1 søsken 30%. 2 eller fleire søsken 50%.
12 timar gratis SFO pr. veke for alle 1. og 2. klassingar

Personalet ved SFO 2023-24;

Iwona Wilczura – dagleg ansvarleg

Yvonne Dale

Maja Nilsen

Tina Skoge

Berit Fredriksen

Thea Elin Sorthaug Hildre – lærling

Vi nyttar i stor grad same personalet ved SFO og skule. Dette gjer at barna føler seg trygge og vi får meir kontinuitet i arbeidet med barna.

Personalet har faste personalmøte ca. ein gong pr. måned og i tillegg 3-4 planleggingsdagar.

Elevar ved SFO:

Ved oppstart i august 2023 er det 35 påmelde elevar.

1. kl – 11 barn

2. kl – 11 barn

3. kl – 9 barn

4. kl – 4 barn

Hovudmålsetting og innhald:

Heimel

Rammeplanen er fastsett av kunnskapsdepartementet 31.05.2021 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 (opplæringslova)

Opplæringslova -§ 13-7. Skolefritidsordninga

«Kommunen skal ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1. - 4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1. - 7. årstrinn.

SFO skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn.

Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna til formålet.»

SFO skal bygge sin praksis på grunnleggjande verdiar som også gjelder for barnehage og grunnopplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtene.

Opplæringslova kapittel 9A om eleven sitt skulemiljø gjelder også for SFO. Personalet i SFO har også meldeplikt til barnevernet, jf. barnevernloven §6-4.

Barndommen sin eigenverdi

Barndommen har sin eigenverdi, og SFO skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og tilsyn, samtidig gje moglegheit for fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvalt leik og tilrettelagte aktivitetar, og gje rom for rekreasjon og kvile.

Barnet sitt beste skal alltid vere eit grunnleggjande omsyn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som vedkjem dei og synspunkt skal vektleggjast i samsvar med alder og modning. SFO skal bidra til barna si meistring og oppleving av eigenverdi.

Omsorg, tryggleik og trivsel: SFO skal ivareta og møte barna sitt behov for omsorg, tryggleik, trivsel, anerkjenning og kjensle av å høyre til. I SFO skal det enkelte barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre.

SFO skal fremme barna si fysiske og psykiske helse. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med egne og andre sine kjensler. Barna skal få moglegheita til både aktivitet og kvile den tida dei er på SFO.

Mangfald og inkludering: Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom anerkjenning av barna sine ulike forutsetningar, perspektiv og erfaringar kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal legge til rette for at samiske barn kan bevare og utvikle sitt eige språk og sin kultur. SFO skal innrette seg slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine forutsetningar og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av eit inkluderande fellesskap.

Skaparglede, engasjement og utforskartrøng: Ved å ta utgangspunkt i i barnas skaparglede, engasjement og utforskartrøng skal SFO gje god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring på SFO skal først og fremst skje gjennom leik, sjølvvalte aktivitetar og samhandling med dei andre barna og personalet. SFO skal prioritere tid og rom for leik. SFO skal støtte naturleg nysgjerrigheit, skaparglede og vere kreativ og støtte opp

under barns lyst til å leike, skape, utforske og meistre.

Demokrati og fellesskap: SFO skal fremme demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og bygge verksemda på prinsippet om likestilling og likeverd. Barna skal møte verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte. Barna skal oppmuntrast til deltaking i fellesskapet. Barna skal få støtte til å inkludere andre sine perspektiv, handtere meiningsbrytningar og respektere at ein kan vere ueinige, men finne felles løysingar.

Gjennom å delta i fellesskap får barna øve på å tilpasse seg andre, men og sette egne grenser og uttrykke egne behov.

Barn har rett til medverknad tilpassa deira alder og forutsetningar, inkludert i arbeidet for eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø.

Berekraftig utvikling: Berekraftig utvikling omfattar samanheng mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremmer berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. SFO skal oppmuntre barna til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gode val.

SFO skal styrke barna si sosiale utvikling og uformelle læring:

Gjennom innhald og arbeidsmåtar skal SFO legge til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltelevar og mellom vaksne og barn.

Aktivitetane skal tilpassast barnegruppa og ein kan og legge til rette for aktivitetar der ein til dømes samarbeider med kulturskulen og lokale foreiningar.

SFO skal vurdere korleis det heilskaplege tilbodet kan tilpassast for å vere mest mogleg inkluderande. SFO kan støtte opp om skulen sitt innhald, men leiken og sjølvvalt aktivitet skal vere vektlagt.

Når digitale ressursar vert nytta må det skje på ein hensiktsmessig måte slik det stimulerer barna til utforskande, kreativ og skapande samhandling.

Leiken:

Leiken skal ha stor plass på SFO og der skal vere rom for og leik kvar dag. Ein skal legge til rette for at leiken kan stimulere vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.

Personalet bør jamleg diskutere kva leik inneber og korleis ein kan legge til rette for god leik. Det skal vere mogleg for alle barn å delta og oppleve meistring. SFO skal legge til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet. Ein skal legge til rette for at barn med behov for særskilt tilrettelegging blir inkludert i leik og aktivitet.

Barna skal gjennom leiken:

- Få erfaring med å løyse konflikter og få sosial erfaring.
- Kunne uttrykke egne behov i gruppa og ta omsyn til andre.
- Ta del i barna sin eigen kultur i samvær med andre barn.

Frileik

SFO vil legge til rette for frileik, men der vil og vere vaksenstyrte aktivitetar i periodar eller enkelte dagar. Dei fleste av aktivitetane kan elevane sjølv velje om dei vil delta i.

Dersom du spør elevane i småskulen kva dei likar best på skulen/SFO, er svaret frileik eller gym. Frileik kan vera ein planlagt time på vekeplanen, eller det kan vera eit avbrekk i den vanlege skuledagen.

På SFO kan elevane velje mellom mange ulike aktivitetar, og dei kan velje om dei vil finne på noko åleine eller samarbeide med andre. Dei organiserer aktivitetane sjølve eller saman

med ein vaksen.

Fysisk aktivitet og turar ved SFO:

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremme barna si glede ved rørsle og motoriske utvikling. SFO bør legge til rette for aktivitetsformer som bidreg til glede og leik med andre barn. SFO bør legge til rette for leik utandørs kvar dag eller turar i nærmiljøet/skogsområdet eller aktivitetsanlegg.

Mat og måltidsglede:

SFO skal legge til rette for daglege måltid som gir grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få ro til å ete i løpet av den tida dei er på SFO. Måltida kan vere med heimanfrå eller mat laga på SFO. Mat som blir laga og servert på SFO skal vere helsefremmande, samt legge vekt på berekraftige matvanar og forbruk. Å lage mat saman gir barna erfaring i korleis ein lager enkle og sunne måltid. SFO skal ha rutinar for hygiene og avfallshandtering og formidle dei til barna.

Samarbeid i skolefritidsordninga:

Omsynet til barnet sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med forelde, barnehage, og andre instansar. SFO skal legge til rette for god dialog og samarbeide med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjenside forventningar og legge til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Kommunen skal informere om moderasjonsordningar og bidra til at foreldreøkonomien ikkje er eit hinder for barn til å delta på SFO.

Overgang frå barnehage til skule og SFO:

SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til SFO saman med skulen og barnehagen. Det er ein fordel at barna på førehand får bli kjend med det fysiske miljøet og personalet. SFO skal støtte barna den første tida slik dei opplever tryggleik og føler seg «heime».

Planarbeid:

SFO skal planlegge innhald og arbeidsmåtar, arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging skal gje personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle SFO. Planlegging skal ta utgangspunkt i lokale forhold og arbeidet skal baserast på inkludering og medverknad frå barna. SFO skal utarbeide årsplan som skal vere eit arbeidsreiskap for personalet og bidra til å gje informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.

Planen under viser korleis vi arbeider på SFO.

Planen er dynamisk og skal kunne utviklast/betrast i dialog og med innspel frå tilsette, foreldre og barna som går der.

Mål	Kva gjer vi på SFO
Tryggleik, omsorg og trivsel	<ul style="list-style-type: none"> ○ Vi tek i mot alle og helsar med namn morgonen. Takkar for dagen når dei vert henta. ○ Alle skal bli sett. ○ Samtalar dagleg med kvart enkelt barn, gjerne under måltid og bordaktivitetar. ○ Personalet skal hjelpe barna og støtte dei til å handtere utfordringar og motstand. Det er viktig å snakke om det som er vanskeleg og finne løysingar saman. ○ Reglar og rutinar skal vere føreseielege. ○ Viktig at barna møter dei same normene og reglane som skulen har. ○ Når elevane er trygge på kvarandre, utviklar dei vennskap på tvers av alder, noko som er ei positiv oppleving for alle.
Mangfald og inkludering	<ul style="list-style-type: none"> ○ Alle barna som er på SFO skal få oppleve og ta del i fellesskapet. ○ Fellesskapet kan opplevast både i små og større grupper. ○ Vaksne skal observere leikegruppene og legge til rette for at god leik skjer og at alle får ta del. ○ Vi vil at måltidet og felles aktivitetar skal vere ein fin arena for inkludering. ○ Vi har aktivitetar som alle kan ta del i.
Skaparglede, engasjement og utforskartrong	<ul style="list-style-type: none"> ○ Gjennom leiken skal barna få skape, utforske og bruke fantasien. ○ På SFO skal vi leggje til rette for at leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn skal føre til kreativitet, utforskartrong og innovative idear. ○ Vi brukar materiale som kan brukast om att (gjenbruk), til dømes papp, plast, stoff, mm. Barna får sjølve styre og skape. ○ Barna får skape gjennom å lage kunst. ○ Barna får skape og bygge konstruksjonar med ulike byggemateriale som lego, klossar, laftesett både inne og ute. ○ Barna får bruke snikkerboda og bygge og konstruere med tremateriale. ○ Vi utforskar biblioteket, låner bøker og har lesestund.

<p>Demokrati og fellesskap</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Barna skal oppleve at deira stemme og andre si stemme vert høyrd. ○ Dei skal lære seg å lytte og inngå i dialog med dei vaksne og ande barn. ○ Vi arbeider med at dei skal respektere andre sine argument og hjelper dei med kompromiss som løysing når det vert vanskeleg. ○ Vi skal arbeide for at barna skal få medverke tilpassa alder og forutsetningar. ○ Barna kan til dømes bli høyrd i ønske om aktivitet, leike, mat, tur og kven ein vil leike med.
<p>Berekraftig utvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ På SFO bruker vi mykje gjenbruksmateriale til ulike formingsaktivitetar. ○ Barna blir opplært til kjeldesortering. ○ Vi vil at barna skal vite kor maten kjem i frå, og korleis vi kan lage sunn og næringsrik mat. Vi prøver å få til eit gardsbesøk i løpet av året ○ Lære barna å bli glad i naturen vi har rundt oss, skape undring og nysgjerrigheit. Prøve å få til ein turdag i nærområdet dei periodane det er nok vaksne på SFO. ○ Vi er med på å så blomsterfrø/grønnsaksfrø og planter ute når våren kjem. ○ Forståing av korleis vi bruker og sparer pengar, leike til dømes butikk, kafe, og bank.
<p>Leiken</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ SFO vil legge til rette for frileik som skaper aktiv deltaking, engasjement og kreativitet. ○ Vi skal stimulere til vennskap og relasjonsbygging, språkutvikling og undring ○ I periodar og deler av dagen kan aktivitetar vere vaksenstyrte Dei fleste av aktivitetane kan elevane

	<p>sjølv velje om dei vil delta i.</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ På SFO kan elevane velja mellom mange ulike aktivitetar, og dei kan velja om dei vil finna på noko åleine eller samarbeide med andre. Dei organiserer aktivitetane saman eller saman med ein vaksen. Døme: I ein krok kan nokre elevar byggje lego. To elevar kan spele spel, medan nokre elevar vil leike butikk. Andre kan vere i snikkarboda og snikre. Musikk og dans er og ofte populært. Dersom nokon ynskjer litt tid for seg sjølve, kan dei finna seg ei bok i bokkassa, eller kanskje teikna /pusle eller legge nabbi. <ul style="list-style-type: none"> ○ Elevane skal øve seg i å ta val og leike i ei gruppe over ein tidsperiode før dei skiftar aktivitet. ○ Elevane skal øve seg i å ta del i leik som andre har starta og involvere seg på ein god måte. ○ Elevane skal øve seg på å verte einige og at alle kan vere med å bestemme kvar sin gong.
<p>Kultur og fritidsaktivitetar</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Vi skal legge til rette for god samhandling mellom enkeltbarn, gruppe og mellom vaksne og barn. ○ Barna skal ha medverknad. ○ Dei kan t.d. vere med på å bestemme kven dei vil leike med og kva aktivitetar dei vil ta del i. ○ Dei vaksne skal alltid vere bevisste på at barn ikkje blir ekskludert frå leik og aktivitetar. ○ Digitale ressursar som nettbrett/pc kan bli brukt enkeltdagar. Skulen sine regler for trygg nettbruk gjeld. ○ Vi bruker biblioteket på skulen i periodar og har lesestunder på SFO kvar veke, i periodar dagleg.
<p>Fysisk aktivitet og rørslelede</p>	<ul style="list-style-type: none"> ○ Alle barna har utetid på SFO kvar dag på skuleområdet. ○ Vi bruker nærmiljøet når vi har turdagar, t.d. skogen, Syltemoa, badestranda på Muri m.m ○ Vi har tur og besøkssamarbeid med SFO i Stordal ○ Vinterhalvåret bruker vi i periodar Martin Linge-hallen til leik og rørsle. ○ Turdagar kan vi ha når det er to eller fleire vaksne på jobb. ○ På turdagar vil det vil bli hengt opp lapp på kjøkkendøra med informasjon om kvar turen går, når vi er tilbake og SFO sitt mobilnummer ein kan nå oss på. Vanleg turtid på SFO er mellom.

	<p>kl.10.30-14.00.</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ På tur dagar må elevane ha med seg ein sekk, mat, drikkeflaske, sitjeunderlag og litt ekstra kle.
Mat og måltidsglede	<ul style="list-style-type: none"> ○ Maten vi lagar på SFO skal vere sunn og helsefremmande ○ Vi lagar mat saman med barna som gir dei erfaring i korleis lage enkle og sunne måltid. ○ Vi øver på god bordskikk, matglede og fellesskapskjensle under måltidet ○ Halve året har SFO på Valldal skule smørjemåltid/matlagning tysdag og torsdagar. ○ Elevane skal utfordrast på å smake på ulike typar mat. Elevane har frukt-/grønssaks måltid etter skulen. Dei kan også ete nistemat som dei har med
Samarbeid i skulefritidsordninga	<ul style="list-style-type: none"> ○ Nokre elevar er med på tilbod i kulturskulen i SFO-tida. Vi samarbeider om dette. ○ Vi samarbeider med foreldre og legg til rette for god dialog når dei leverer morgon og hentar ettermiddag. ○ Vi skal gje informasjon om SFO-tilbodet, gjennom årsplan, periodeplanar og månadsbrev som fortel kva barna gjer på SFO. ○ SFO, skule og foreldre samarbeider for å trekke i same retning for å skape ein best mogleg heilskapleg kvardag for barna.
Kvalitetsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> ○ Planarbeid; dei tilsette skal planlegge innhald og arbeidsmåtar og arbeidet skal evaluerast regelmessig ○ Vi skal ha årsplan og periodeplanar. ○ Vi sender ut månadsbrev som viser kva vi har jobba med. ○ Utviklingsarbeid og kursing av personalet. ○ For dei som ynskjer det kan SFO legge til rette for felles foreldresamtalar med skule

DAGSPLAN FOR SFO

MÅNDAG - ONSDAG - FREDAG

07.20	Frukost
08.30	Skule
14.10	Samling/opprop/fruktmåltid
14.30	Leik/aktivitetar.

16.20 SFO stenger

TYSDAG (oddtal) - TORSDAG

07.20 Frukost
08.30 Leik/aktivitetar ute/inne (turar)
14.10 Samling/opprop
Fruktmåltid
14.30 Leik/aktivitetar.
16.20 SFO stenger

Litt praktisk informasjon

Levering og henting; Vi vil at både barn og vaksne skal føle seg velkomne når dei kjem. Ved levering om morgonen vil vi at de følgjer barnet inn for registrering. Ta gjerne ein prat dersom det er ting du vil drøfte med personalet vedrørande barnet ditt eller vil gje ein beskjed om.

Beskjedar; Sei alltid frå til ein vaksen når barnet blir henta om ettermiddagen. Dersom barnet vert henta av andre enn det som er vanleg vil vi ha melding om det på førehand. Vi kan ikkje forholde oss til munnlege beskjedar frå barna. Dersom desse rutinane vert følgt, sparer det oss for unødige undersøkingar og uro.

Telefontid; Personalet på SFO er å nå på telefon **mellom 08.00-08.30 og 15.00-15.30 kvar dag**. Utanom desse tidene kan de evt. sende melding på sms til SFO.

Dersom noko er **SVÆRT VIKTIG** kan de ringe administrasjonen.

Interne avtalar som gjeld barnet skal vere gjort heime før barnet kjem på SFO. Dette kan t.d. vere om dei skal vere med nokon heim etter SFO eller har andre avtalar.

Sjuke barn; Gi beskjed når barnet ikkje kjem på SFO grunna sjukdom eller andre ting.

Leiker; Ein skal ikkje ha med leiker heimanfrå. Vi har egne ta-med-dagar.

Kle; Alle som skal vere på SFO må vere kledd for all slags ver, sommar og vinter. Til dømes utedress, lue, ute/-innesko, støvlar/cherrox, tjukke sokkar, vottar og varm genser.

Det er og viktig med eit fullt ombyte med ekstrakle.

HUSK AT ALLE KLE MÅ VERE MERKA!



Reglar;

Reglar som gjeld på skulen, gjeld også for SFO.
Frå 2023 skal SFO ha sitt eige reglement. Dette er under arbeid.

Studiedagar: Ein kan ha stengt inntil 5 studiedagar kvart skuleår. Studiedagar for 2023-24 vert slik:

Studiedagar haust -23

Måndag 7. august

Måndag 14. august

Evt. ein ikkje fast dag til

Studiedagar vår -24

2. januar

NB! SFO i feriane:

«For utvida opningstid utover skuleåret kan ein samarbeide med andre skular/barnehagar i kommunen. For utvida opningstid bør det vere minst 3 born frå skulefritidsordninga og 3 born frå barnehage. Kartlegging av behov skal vere klart fire veker før. Alle born skal ha minst 4 veker ferie og 3 av dei skal vere samanhengande. Ferie-SFO kan søkjast og gjeld samla 6 veker pr. år, haust-, vinter- og 4 veker sommar (jammast 2 veker før og 2 veker etter fellesferie). Skulefrie dagar i samband med jul og påske, samt veke 28 kan vere open etter ei behovsprøving med eit minimum på 3 born pr dag. Samarbeid med andre skular/barnehagar må vurderast. Kartlegging av behov skal vere klart fire veker før. Ein kan halde stengt inn til 5 dagar til planlegging» jf. Kommunale vedtekter



Finn info om SFO på Fjord kommune si heimeside [Skulefritidsordning \(SFO\) - Fjord kommune](#)

Oversikt over fritysdagar for 1. og 2. kl

1. og 2. klasse har fri følgande 7 tysdagar frå skulen
og har eit tilbod ved SFO heile dagen (oddetalsveker):

Haust - 23

12. september v. 37

7. november v. 45

Vår – 24

16. januar v. 3

12. mars v. 11

9. april v. 15

7. mai v. 19

4. juni v. 23

